



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

## Møteinkalling

---

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR

**Møtested:** Teams, Teams

**Dato:** 23.06.2023

**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
AU 22/23	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 23/23	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 24/23	Referatsaker		
AU 25/23	Søknad om tilbygg til båthus. Austre Langsvatn. Gnr. 4, bnr. 4 Olav Morten Heggland. Bygland kommune.		2023/5302
AU 26/23	SVR landskapsvernområde - søknad om tilrettelegging av sti til hytte 15 og 20 i Grytdalen - Sigurd Støren		2023/5485
AU 27/23	Søknad om bruk av helikopter i samband med kalking. Store Urevatn. Otteraaens Brugseierforening. Bykle kommune.		2023/5859
AU 28/23	SVR landskapsvernområde - søknad om helikoptertransport i forbindelse med kalking av gytebekker ved Storevatnet, Åseral kommune - Å Energi AS		2023/5862
AU 29/23	Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde - verneområdestyrets uttalelse på kommuneplans arealdel 2023 - 2034 for Åseral kommune		2023/4729
AU 30/23	Orienteringssaker		
AU 31/23	Eventuelt		

**AU 22/23 Godkjenning av innkalling og saksliste**  
**AU 23/23 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med**  
**styreleiar**  
**AU 24/23 Referatsaker**



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47 38 17 62 06  
fmavjh@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2023/5302-2

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 18.06.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	25/23	23.06.2023

### **Søknad om tilbygg til båthus. Austre Langsvatn. Gnr. 4, bnr. 4 Olav Morten Heggland. Bygland kommune.**

Vedlegg:

1 Søknad båthus Austre Langsvatn

### **Forvalters innstilling**

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. pkt. 1.1 og kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c, gir arbeidsutvalet avslag på søknad om tilbygg på eksisterande båthus ved Austre Langsvatn, gnr. 4, bnr. 4 Olav Morten Heggland.

Arbeidsutvalet grunngjev avslaget med at storleiken på båhuset går monaleg utover føringane gjeven i forvaltningsplanen. Vidare vurderast søker å ha rimeleg god dekning av båthus med dei som allereie er ført opp. Ei vid opning for bygging av båthus vil gi omfattande presedensverkand med den byggeverksemda og transportbehovet det vil føre med seg.

Det er alt køyrt inn materiale til bygging. Arbeidsutvalet vil med dette varsle at det med heimel i naturmangfaldslova § 69 vil vera aktuelt å gi pålegg om frakte materiala ut av verneområdet.

### **Saksopplysninger**

Olav Morten Heggland har søkt om tilbygg og ombygging av eksisterande båthus ved Austre Langsvatn i Bygland kommune. Storleiken på eksisterande båthus er 11 m<sup>2</sup> BYA og med mønehøgde 2 m. Det er søkt å auke storleiken til totalt 24 m<sup>2</sup> BYA og med mønehøgde 2,9 meter. Det vil då vera plass til å lagre to båtar samt lagerrom til motor, bensin, fiskegarn og anna utstyr. Sjå teikning nedanfor.



I grunngjevinga skriv søker at det estetisk og landskapsmessig vil vera betre å bygge eit dobbelt båthus i staden for to enkeltståande. Båhuset ligg i ei vik aust i vatnet og vil vera lite synleg i omgjevnaden. For å unngå skade på båtane er det vesentleg at dei kan vinterlagrast i eige båthus. Fleire båtar har til no blitt skade av store snømengder når dei har vore lagra ute.

Heggland har ein eigedom på 24 000 mål og driv ein del utleige av hytter med jakt- og fiskerett. Austre og Vestre Langsvatn ligg på eigedomen og eigar har fleire bygningar kring desse vatna. Sjå oversyn i kart nedanfor. Trangen for båthus med plass til to båtar i Austre Langsvatn er grunngjeven med at det er forskjellige leigetakrar på hyttene Langevasskilen og Vestre Langsvatn. Det er også praktisk med tilgang på båtar for grunneigars eget bruk og i samband med tilsyn og sinking av sau i området.

Tilkomsten til Langsvatna er i barmarksperioden via Ånebjør. Utan båt er gangtid frå Ånebjør – Langevasskilen er oppgjeven til 5 – 6 timer. Til Vestre Langsvatne er det 4 – 5 timer. Vestre Langsvatn er om lag 3 km. langt, Austre Langsvatner om lag 2,5 km. langt.


Kartet nedanfor syner bygningane kring Langsvatna. Søknaden gjeld båhuset aust i Austre Langsvatn under Høgevarde i kartet.

Raude punkt – hytter/driftshusvære (Langevasskilen, Vestre Langsvatn og Høgevarde)

Blå punkt – eksisterande båthus

Grått punkt – uthus/lagerbygg

Grønt punkt – Strondelegå (gjetarhytte Jæren Smalelag)





Forvaltar synfarte områda 14. juni. Bilete av aktuelle båthus er teken inn nedanfor (bilete 1). Det er alt køyrd inn materialar og fundament (bilete 2).


Bilete 1



Bilete 2



Teikning av tiltaket det er søkt om:



#### *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane fra 2015.

#### *Heimelsgrunnlag*

*Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde* vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.



- 
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar er av dei tiltaka som jamfør verneforskrifta kap. 4, pkt. 1.1 er forbode. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.3 bokstav c kan det gjevast løyve til mindre tilbygg til eksisterande bygningar. Det er då ein føresetnad at det ikkje strir mot verneføremålet.

#### *Tidlegare praksis*

Det har tidlegare vore gjeven løyve til fleire nye båthus i verneområda dei siste åra. I slike saker har storleik blitt avgrensa til 12 m<sup>2</sup> BYA som er grensa sett i forvaltningsplanen. Ved fleire høve har det blitt gjeven avslag på storleik utover 12 m<sup>2</sup> BYA ref. AU-sak 26/19 og delegert sak 102/21.

Saka er drøfta med byggesakshandsamar i Bygland kommune. Signalen er at dei ønskjer å innstille på å halde seg til heiplanen med føringar om 12 m<sup>2</sup> BRA.

### **Vurdering**

#### *Vurdering etter naturmangfoldloven (NML)*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljøretslege prinssipa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldloven leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigkeit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

#### *Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)).

Båhuset er søkt oppført sør-aust i landskapsvernombrådet. Villreinen nytter områda kring Langsvatna i første rekke vinterstid. I barmarksperioden kan det gå att mindre bukkeflokkar. Villreinen nytta områda i større grad tidlegare, men det kan sjå ut til at bruken har auka noko dei siste 4 – 5 åra og då særleg vinterstid. Villreinens bruk av områda må sjåast i samanheng med at totalbestanden i mange år har vore mindre enn før. Ulike ferdselshindre lenger nord kan også spele inn. I naturbasen er det merka av trekkorridor for villrein rett aust for Vestre Langsvatn.

Ut frå kjend kunnskap er det ikkje andre særleg sårbarer artar som vert råka av tiltaket. Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

#### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Gaukhei turisthytte ligg 7 km. nord-vest for plassen der bygningen er søkt oppført. Til Gaukhei th. går det merka sommarløype frå Bortelid i Åseral og Tjønndalen i Bygland. Vinterstid kryssar stikka vinterløype over Austre og Vestre Langsvatn. Gjennom året er det ein god del ferdsel i desse løypene. Frå hytteområda på Bortelid i Åseral er det særleg gjennom vinteren ein god del ferdsel inn mot Langsvatna og attende mot Bortelid. I vinterhalvåret er det ein del transport med snøscooter til enkelte driftshusvære i desse heiområda, samt til dei nemnde turisthyttene i samband med proviantering, vedtransport og stikking av løyper.



---

*Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*  
Ikkje vurdert då det er innstilt på avslag.

#### *Andre vurderingar*

Saka gjeld ein enkel mindre bygning som stikk seg lite ut i landskapet. Dei landskapsmessige verknadane av tiltaket vurderast difor å vera små. Grunneigar har mykje aktivitet ved og kring vatna knytt til hytteutleige, jakt og fiske. I høve til gangavstand frå Ånebjør og inn til hyttene vil ein god dekning med båtar vera ei god lette i tilkomsten. Eit større båthus vil og gjere båtane mindre utsett for skade.

Forvaltar er likevel skeptisk til å fråvike føringane i forvaltningsplanen om maks. storlek på 12 m<sup>2</sup> BYA for båthus. Totalt sett må søkar seiast å ha rimeleg god dekning av båthus kring vatna. For tilkomst til hytta i Langevasskilen, som vert leigd ut til fleire, vil desse neppe vera der til same tid. Sjølv med eit relativt stor behov for båtar bør det i eit verna område ikkje vera sjølvsagt at alle er plassert i eit båthus. Lagring utomhus vil i mange tilfelle også gå bra så sant dei vert trekt godt opp og plassert på ein stad det ikkje samlar seg altfor mykje snø.

Ei opning for bygging av «doble» båthus, og der alt av båtar skal lagrast under tak, vil gi ein omfattande presedensverkand med den byggeverksemda og transportbehovet det fører med seg. Eit grovt og forsiktig anslag er at det i alle fall er 10 – 12 større vatn i verneområda der eigedomstilhøva og tilkomst isolert sett tilseier at det bør vera betre kapasitet av båthus.

Søkar har alt køyrd inn materiale til bygging. Ut over det som trengs til evt. vedlikehald av bygningane i området må materiala fraktast ut av verneområdet. Ved trong for bruk av snøscooter eller helikopter må dette søkast om særskild.

#### **Konklusjon**

Søknaden vert avslått. Storleiken på båhuset går monaleg utover føringane gjeven i forvaltningsplanen. Eigar vurderast å ha rimeleg god dekning av båthus kring vatna med det som allereie er ført opp. Ei vid opning for bygging av båthus vil gi omfattande presedensverkand med den byggeverksemda og transportbehovet det vil føre med seg.

Olav Morten Heggland  
Setesdalsvegen 2396  
4745 Bygland

Heggland 12.05.2023

Bygland kommune  
Sentrum 18  
4745 Bygland



**Verneområdestyret for SVR**

Postboks 504  
4804 Arendal  
v/ Jørn Trygve Haug

Søknad om Dispensasjon ihht. Pbl § 19-2 fra byggeavstand vatn og  
Byggetillatelse ihht. Pbl § 20-2 for tilbygg til eksisterende båthus ved  
Austre Langsvatn.

Det søkes om tilbygg med BYA (Bebygde areal) 12 m<sup>2</sup>, samt reperasjon og ombygging av eksisterende båthus. Total BYA blir 24 m<sup>2</sup>, bruksareal (BRA) blir 22 m<sup>2</sup>, mønehøyde 2,9 meter. Det blir plass til å lagre 2 båter, samt et lagerrom til motor, bensin, fiskegarn og utstyr samt flytevester. Eksisterende båthus ble bygget på 1980-tallet.

Det vurderes å være estetisk og landskapsmessig bedre å bygge et dobbelt båthus i stedet for eventuelt å ha 2 separate bygg. Der hvor båthuset er plassert i dag er det lite synlig for omgivelsene, da det ligger i en «dump» i terrenget samt inne i en smal bukt i vannet.

**Heieområdet Langsvassheia og Saurbuheia er på ca. 24000 mål og tilhører eigedomen Gnr. 4 Bnr. 4.**

Inne i dette området er det 2 større vatn, Vestre Langsvatn som er ca. 3 km langt, samt Austre Langsvatn som er ca. 2,5 km langt.

I Langsvassheia/ Saurbuheia er det 4 driftshytter/ støylsbuer som blir utleidt som utmarksnæring samt i tillegg reinsdyr-/ fuglejakt og utleige av fiske.

Heieområdet blir også utleidt til sauebeite til sauedrifter fra Jæren.

Ved Vestre Langsvatn er det også ei Gjeterhytte «Strondelega» som brukes av Jæren Smalelag.

Vestre og Austre Langsvatn har bakover i tid vore svært gode fiskevatn, og jakt og fiske og seterdrift har vore viktige ressursgrunnlag for eigedomen, samt viktige inntektskjelder.

På grunn av sur nedbør forsvant fisken i desse vatna på 1960-70 talet.

På 1980 talet vart det sett i gang eit samarbeid mellom grunneigar og jaktlaget som har leigd dette området frå den tid (og som leiger dette ennå) om å få tilbake fisken. Det vart frakta inn settefisk og kalk med helikopter, og kalkbrunner vart sett opp i gytebekkene.

Det vart gjeve statleg tilskot til dette. Det er seinare blitt frakta inn suppleringskalk med snøscooter til gytebekkene. Dette har vore vellykka, og vatna er i dag svært gode fiskevatn, det burde bli fiska meir for å halde nede bestanden. Det ser ut til at det begynner å bli for mykje fisk då størrelsen har gått ned og antallet opp. For at fisken skal vere attraktiv som matfisk må den ha ein viss størrelse. For å ha kontroll på fiskebestanden må det fiskast med garn, og til dette er ein avhengig av båt.

Vestre Langsvatn er med i Bygland kommune sin oversikt over vatn der det kan løysast fiskekort. Dette har ikkje blitt praktisert, så i dag er det fritt for alle å fiske med stang i desse vatna.

Driftshytta/ støylsbua «Langvasskilen» blir leigd ut separat, med tilhøyrande fiskerett. Det er då to forskjellige leidgetakere her ( i tillegg til utleige av sauebeite). Det har då vist seg å vere nødvendig å ha 2 båter i Austre Langsvatn. Den eine båten blir no lagra utendørs, det er fare for at båter kan bli øydelagt av store snømengder enkelte år. Det har blitt øydelagt 2-3 båter oppgjennom tida på grunn av dette. Det er også vesentleg for personsikkerheita at båter kan bli lagra på ein trygg måte under tak, slik at den held seg i god stand. I dette området kan det av og til vere kraftig vind, med store byljer på vatna.

Båter blir også brukt til rekreasjon i samband med hytteutleige og grunneigers eige bruk, samt i jakttida for å enkelt kome rundt i terrenget, samt til henting av felt vilt.

I samband med tilsyn og sinking av sauер som beiter i dette området, kan det vere nyttig å ha enkel tilgang på båt, grunna dei store avstandene her.

Den lettaste og raskaste adkomsten til dette terrenget er å kjøre med bil til Ånebjør og gå opp til Austre Langsvatn og deretter ta båt innover vatnet til vestsida, for å kome til driftshyttene Vestre Langsvatn og Langvasskilen. Då det er 2 forskjellige leidgetakere som bruker denne ruta som adkomst, er det nødvendig å ha 2 båter her, då det er av og til desse blir brukt samtidig.

Utan båt så er gangtida frå Ånebjør til Langvasskilen 5- 6 timer, til Vestre Langsvatn 4- 5 timer. Gangtida frå Heggland til Langsvatn er 6-7 timer.

Driftshytta Høge Varde ligg også nærme Austre Langsvatn, slik at denne blir også brukt som utgangspunkt for å fiske i det vatnet.

Søker også om tillatelse til å forlenge båthuset med 1,0 meter (til 7,0 meter) det vil då vere plass til å lagre båter med motoren påmontert. Ellers vil motoren måtte tas av båten ved lagring. Viser til vedlagte opplysninger om størrelse på båt.

Anmoder om at det blir vurdert å endre Verneforskrifta slik at størrelse på båthus kan f.eks vere BYA på 17 m<sup>2</sup> (Fra dagens grense på BYA 12 m<sup>2</sup>). Det vil då vere bedre plass til å lagre båter og utstyr.

Det er foretatt nabovarsling til naboeiendommen Sameiet Ånebjør Gård. Gnr. 6 Bnr. 1, jfr. Pbl § 21-3.

Det foreligger bekreftelse på mail at nabovarselet er mottatt, samt at der er ingen merknader.

Vil også minne om de lovnadene som vart gitt til grunneigerane ved opprettelsen av Landskapsvernombrådet (SVR), at dette ikke skulle vere til hinder for den bruk som hadde vore i desse heiemråda. Dette har ikke blitt fylgt opp i praksis, og dette uten at det er gitt økonomisk kompensasjon for dette.

Med helsing

*Olav Morten Heggland*

Olav Morten Heggland

Vedlegg:

1. Tegning
2. Situasjonsplan
3. Kart
4. Bilder
5. Næringsoppgave
6. Nabovarsling



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

[www.svr.no](http://www.svr.no)

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2023/5485-0

Saksbehandler: Sara Kristiane Eide

Dato: 16.06.2023

<b>Utvalg</b>	<b>Utvalgssak</b>	<b>Møtedato</b>
AU i verneområdestyret for SVR	26/23	23.06.2023


## **SVR landskapsvernombåde - søknad om tilrettelegging av sti til hytte 15 og 20 i Grytdalen - Sigurd Støren**

### **Forvalters innstilling**

Med hjemmel i naturmangfoldlovens § 48, får Sigurd Støren tillatelse til utbedring av deler etablert sti fra parkering til hyttenummer 15 og 20 (Gnr/Bnr. 2/40 og 2/39) i Grytdalen. Tillatelsen gjelder oppsett av 2 trapper, samt boring i fjell for fest av trappene. Tiltaket skal utføres i tråd med følgende vilkår:

#### Vilkår

- Plassering av trappene skal skje slik som markert på kartskissen under, jf. kart 1.
- Oppføring av trappene skal skje slik som illustrert i figur 2 (se saksfremlegg). Trappene skal ikke overstige en lengde på 10 meter og en bredde på 50 cm.
- Det skal ikke fjernes vegetasjon annet enn der det sees nødvendig, dvs. der det skal borres i fjell for fest til trappen.
- Valg av materialer skal skåne naturen mest mulig. Det er tillat å bruke gammelt materiale slik som beskrevet i søknad.
- Tillatelsen gjelder til 01.11.2023. Forvalningssekretariatet skal ha melding og bilde av tiltaket straks det er ferdigstilt.



Kart 1: Oversikt over plassering av trapper (rød firkant) og stinettet (blått) fra bilvei og inn til hyttenummer 15 og 20.

### Begrunnelse

Tiltaket ligger i et etablert hyttefelt og vurderes å være nødvendig for å unngå mer erosjon i utsatte områder på stien. Trappens utforming og plassering anses ikke å være i strid med vernets formål eller påvirker landskapets karakter nevneverdig. Det er også positivt at tiltaket skjer på en sti som nytes av flere hytter. Saken vurderes derfor å kunne behandles etter naturmangfoldlovens § 48.

### Annet lovverk


Denne dispensasjonen er gitt med myndighet i verneforskrift for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde og naturmangfoldloven. Det er innhentet grunneiers tillatelse for gjennomføring av vedtaket. Tillatelse fra Sirdal kommune etter plan -og bygningslov skal innhentes der dette er nødvendig.



## Saksopplysninger

### Sakens bakgrunn

Viser til søknad av 21.05.2023, hvor Sigurd Støren søker om å sette opp to trapper i etablert sti mellom parkering og hyttenummer 15 og 20 (Gnr/Bnr. 2/40 og 2/39) i Grytdalen, jf. kart 1. Det søkes på vegne av hytteeierne Elin og Sigurd Støren (søker) og Bjørn Vaage.



Kart 1: Oversikt over plassering av trapper (rød firkant) og stinettet (blått) fra bilvei og inn til hyttenummer 15 og 20.

Det første stykket på stien er nokså bratt, og er et erosjonsutsatt område, figur 1. Søker forklarer at det her blir fort gjørmete og glatt, som gjør det vanskelig å komme seg opp stien med tung pakning. Det søkes dermed om dispensasjon for få bygget to trapper i de bratteste hengene, slik vist på figuren under (figur 2).

Trappene skal festets til fjellet med bolter, og hver trapp vil ha en lengde på cirka 10 meter. Det er planlagt å bruke restmaterialer fra nedrevet hytte fra nummer 15. Om nødvendig blir det kjøpt inn mer materiale som bæres opp fra veien.



Figur 1: Etablerte trasé i dag.



Figur 2: Illustrasjon av trappene.



### Formell bakgrunn for vurdering av vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei – Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000.
- Forvaltningsplan for SVR, godkjent i 2015.
- Naturmangfoldloven
- *Retningslinjer for byggetiltak i Grytdalen hytteområde*. Disse retningslinjene ble utarbeidet av Sirdal kommune og behandlet i Verneområdestyret i styresak 15/2006, revidert i ST 22/19 15 juni 2019 (pkt. 1 og 10). Fysiske inngrep i tråd med utbedring av hyttesti er ikke nevnt i disse retningslinjene.

### Hjemmelsgrunnlag

Formålet med vernet av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde er:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturmiljø.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

### Verneforskrift

Det er et generelt forbud mot tekniske inngrep i Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde, jf. verneforskrift kap. IV, punkt 1.1. I vernebestemmelserne er det oppgitt hvilke formål knyttet til bygninger som etter søknad kan tillates. Oppsett av trapper for å utbedre hyttesti er ikke angitt i bestemmelserne som et formål det kan gis tillatelse til.

Da det ikke er hemmel i dagens forskrift for omsøkte tiltak, må søknaden behandles etter naturmangfoldlovens (NML) § 48 – første ledd, første alternativ. Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål, samt ikke påvirker verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

### Vurdering

#### NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget er hentet fra søknad, befaring med SNO den 02.06.23, Agderkart, NINAs GPS prosjekt, artsobservasjoner, sensitive artsdata og etablert forvaltningspraksis. Det har blitt registrert flere sårbare rovfugler (lokalitet) med rødlistestatus i området rundt Grytdalen, men avstand fra hyttefelt til reirlokalitetene er lang. Det er ikke registrert andre arter, økosystemer eller naturtyper som kan ta skade av tiltaket isolert sett.

Grytdalen ligger innenfor nasjonalt villreinområde, og det er registrert trekkveier for villrein ett par km vest for område ved Andersvatnet/Børsteinsvatnet. Ifølge resultater fra GPS villreinprosjektet er det ingen av de merkede villreinene som har brukt området i hyttefeltet. Det er derimot gjort noen observasjoner av reinspor ved Skuggeknuten (2020).

Enkelte år med nedising av beiter ser vi klare trender på at villreinen trekker ned i daler og lengre ut i randsoner for å finne mat. Tidligere nyttet villreinen områdene lengre sørvest i større grad, men denne bruken må sees i sammenheng med at totalbestanden i mange år har vært mindre enn før. Det er derfor viktig å ta hensyn til forvaltningsmål om at villreinen skal ta i bruk større deler av Frafjordheiane, og dermed gir dyrene mulighet til å trekke vestover.

Kunnskapsgrunnlaget vurderes å være tilstrekkelig til å behandle saken, og «føre var prinsippet» trengs derfor ikke tas i bruk, jf. NML § 9.



#### NML § 10 Økosystemtilnærming og samlet belastning

Grytdalen hyttefelt ligger like innenfor grensen til Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Hyttefeltet ligger på nord og sørsiden av Fv. 4224 fra Sirdal til Lysebotn. Veien er åpen fra cirka 17 mai til 1 november og har mye trafikk, særlig av turister som skal til Kjerag i sommersesongen. Stavanger Turistforening har også ubetjent turisthytte ved Børsteinen et par km vest for Grytdalen.

Grytdalen fremstår som et relativt godt terrengtilpasset hytteområde med litt over 40 hytter, og det er et område med mye ferdsel. Det er noen partier på hyttestiene i området som er spesielt utsatt for erosjon, og det er allerede enkelte hytter som har oppgradert stinettet inn til hytten, enten ved å konstruere trapper, klopplegge eller bruke stein.

Oppgradering av de bratteste delene av stien opp til hyttene anses å være et positivt tiltak, da vegetasjonen ikke tåler dagens bruk. Ved å sette vilkår om utforming, materialbruk og plassering av trapper, anses ikke dette tiltaket å bidra til økt belastning i området.

#### NML § 11 Kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver

Søker er ansvarlig for å holde byggeplassen ryddig under arbeidet, samt at terrenget skal tilbakeføres til mest mulig det opprinnelige for stedet. Skulle det oppstå skade på vegetasjon eller naturmiljøet under arbeidet skal kostnadene ved retting bæres av tiltakshaver, jf. NML § 11.

#### NML § 12 - Miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder

Det vil bli brukt rester av gamle materiale, og tiltaket ligger ved vei slik at det ikke vil være nødvendig med motorisert ferdsel annet enn langs fylkesvei.

#### *Presedens*

Omsøkte tiltak har ikke vært behandlet i verneområdestyret tidligere, samt at retningslinjene for Grytdalen fra 2006 og 2019 ikke beskriver tiltak for utbedring av hyttesti. Saken tas derfor til behandling i AU.

Denne saken vil få presedens i senere saker som omhandler tiltak om tilrettelegging på hyttesti innenfor hyttefeltet i Grytdalen.

#### **Samlet vurdering**

Naturmangfoldlovens § 48 – først ledd skal kun anvendes i særskilte tilfeller som ikke var tatt når vernet ble opprettet, og en tillatelse kan gis når tiltaket ikke strider mot vernets formål eller påvirker verneverdiene nevneverdig. Omsøkte byggetiltak vurderes å være et nødvendig tiltak for å unngå mer erosjon i utsatte områder på stien. Trappens utforming og plassering anses ikke å være i strid med vernets formål eller påvirker landskapets karakter nevneverdig. Det er også positivt at tiltaket skjer på en sti som nyttes av flere hytter.

Det vurderes med dette å gi tillatelse til utbedring av deler av etablert sti fra parkering til hyttenummer 15 og 20 (Gnr/Bnr. 2/40 og 2/39) i Grytdalen. Tillatelsen gjelder oppsett av 2 trapper, samt boring i fjell for fest av trappene.



**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47 38 17 62 06  
fmavjh@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2023/5859-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 18.06.2023

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	27/23	23.06.2023

## **Søknad om bruk av helikopter i samband med kalking. Store Urevatn. Otteraaens Brugseierforening. Bykle kommune.**

Vedlegg:

1 Grusutlegg gytebekker - søknad

### **Forvalters innstilling**

Med heimel i verneforskrifta for *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.4 bokstav a, får Otteraaens Brugseierforening løyve til bruk av helikopter til frakt av gytegrus og kalkstein til kultivering av sju lokalitetar kring Store Urevatn i Bykle kommune. Løyvet gjeld også til frakt av naudsnyt utstyr til å legge ut kalken på lokalitetane. Løyvet gjeld for inntil 42 landingar i perioden 31.7 – 11.8 2023 eller i oktober månad 2023. Transporten skal gjennomførast på maksimalt to dagar for å avgrense perioden med forstyrring i området.


Vilkår for løyvet:

- Flyging skal skje etter kortaste rute mellom landingspunktene og slik det går fram av kartet i vedtaket. For å redusere forstyrring av vilt skal det så langt som råd flygast minimum 300 meter over bakken mellom landingspunktene.
- I forkant av flyginga skal innehavar av løyvet ha kontakt med lokalt SNO i høve til om det oppheld seg villrein i området. Om det vert registrert villrein langs flygeruta eller ved landingspunktene, skal flyging utsettast til det ikkje er fare for å uroe dyra.
- Tomme storsekkar skal fraktast ut av verneområdet seinast ved siste flyging.

Arbeidsutvalet legg vekt på at utlegg av gytegrus og skjellsand vil erstatte årleg utsetting av fisk med bruk av bil og båt. Tiltaket krev ein omfattande bruk av helikopter, men forstyrring frå dette vil vera forbigåande og innafor ein kort periode ein tid på året då vilt og fugl er mindre sårbare for forstyrring. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at kultivering av vatna er del av konsesjonane for vasskraftutbygginga i området.



Godkjend flygerute og landingspunkt:



For landing med helikopter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte landing på sin eigedom. Om du skal lande på andre sin eigedom oppmodar vi difor om at du hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

For å legge ut gytegrus og kalkstein kan det vera naudsynt med løyve etter *Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag*. Tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å hente inn slikt løyve.

## Saksopplysninger

Otteraaens Brugseierforening (OB) har søkt om bruk av helikopter i samband med kultivering av gytebekkar kring Store Urevatn i Bykle kommune (vedlegg 1 – 2). Totalt skal det flygast ut 36 storsekkar med gytegrus/kalkstein fordelt på 7 lokalitetar ved Skargjevatnet, Krokevatn, Store Urevatn og Reinevatn. Det er søkt om inntil 42 landingar inkl. frakt av bakkemannskap og utstyr. Utgangspunktet for transporten vil være Skarje.

Helikoptertransporten skal gjennomførast i løpet av maksimalt to dagar i perioden 31.7 – 11.8 i 2023. Alternativt i oktober månad.

